

Resolusjon nr. 22

Klimakur 2030 undergrev norsk matproduksjon.

Senterpartiet sin miljømodell skal løfta bruken av norske ressursar.

Rogaland er et langstrakt fylke med store og små kommunar og med ein forvaltning som legg til rette for allsidig matproduksjon. Forvalte og leggja om næringa er eit verkemiddel som vert brukt aktivt for å møte framtidens gardsdrift, men samtidig auka verdien av Noreg som ein sjølvstendig nasjon på matproduksjon.

Gjennom politisk handlekraft må Senterpartiet auka fokuset på å velje norskprodusert kjøt, fisk, frukt og grønnsaker. Noreg har den reinaste og mest klimavenlege matproduksjonen i verda og med å oppjustera tollgrensene på import av matvarer som me er sjølvforsynte på, kan det være et verkemiddel som set den norske bonden, fiskaren og norsk produsert mat i førarsetet.

Med eit aktivt val av norske råvarer vil klimaavtrykket vera med å forsterka argumentet for å satse på norske bønder og fiskarar og auka moglegheitene for å utnytte ressursane som Noreg har å by på. Rekkja av tiltak for å byggja ein framtidsretta norsk profil på omsetning av matvarer til norske kunden, vil styrkja næringa og auka busettinga der næringen er. Resultatet vil vera ein aktiv forvaltning av Noreg og styrkja distriktsprofilen til dagens matproduksjon.

Senterpartiet sender eit tydeleg motsignal til regjeringa og Bollestad at *Klimakur2030* undergrev norsk matproduksjon og legg opp til kutt i næringa. Senterpartiet skal satse på ei aktiv forvaltning og leggja til rette for ein tydeleg norsk og framtidsretta produksjon med eit lavt klimaavtrykk.

Matprodusenten er Senterpartiets kvardagshelt!

Innsendt av; Karmøy Senterparti, ved Ørjan Fjellkårstad

